

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Ole I. Gjerald, prosjektleieren, Nye Vestland fylkeskommune

Sak nr.: 2018/16486-4

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		27.11.2018
Fellesnemnda		19.12.2018

Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

SAMANDRAG

Prosjektleiar fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektleiar starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første skisse til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt eit framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiar i sine møte den 18.10.18 og 29.10.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiar har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde. Arbeidsutvalet sine føringar ligg til grunn for modellen og vurderingane som er gjort i dette saksframlegget.

Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1
2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første kvartal 2019.

3. Fellesnemnda vil eventuelt også vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Vedlegg:

- 1 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår - Vedlegg 1
- 2 Prosjektleiar si alternative skisse til godtgjerslenivå - Vedlegg 2
- 3 Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune
- 4 Arbeidsvilkår for folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 5 Økonomiske vilkår for folkevalgte -KS

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Føreseileg reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektleiar starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første sak til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II» følgjande føringar for arbeidet med framtidig reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal hovudsakleg ligge innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarende heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarende halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiar i sine møte den 18.10.18 og 29.10.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiar har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Det skal leggjast til grunn at medlemene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, også sit i eit hovudutval.
- b) Hovudutvalsleiarane sit ikkje i fylkesutvalet, men tiltrer i finansutvalet og planutvalet.

- c) Hovudutvalsleiarane skal ikkje frikjøpast i heil stilling.
- d) Gruppeleiarane i fylkestinget skal tilgodesjåast noko meir i det nye reglementsutkastet enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18. Det bør vurderast om gruppeleiarane bør sitje fast i fylkesutvalet.
- e) Gruppeleiarane si godtgjersle skal vere noko meir differensiert enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18.
- f) Opposisjonsleiar bør få tilnærma heil stilling som gruppeleiar for den største partigruppa og som medlem i fylkesutvalet.
- g) Kommunelova sin § 43 seier at kommunestyret/fylkestinget kan vedta å opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde i kommunar. Arbeidsutvalet la til grunn at alle folkevalde i Vestland fylkeskommune vert innmelde i KLP.
- h) Dersom folkevalde som er frikjøpte vert sjukmeldte, er det KS si tilråding at vedkomande beheld si faste godtgjersle. Arbeidsutvalet la dette til grunn i si drøfting 18.10. og 29.10.
- i) Fellesnemnda sitt arbeidsutval la til grunn at prosjektleiar også gjer ei førebels vurdering av framtidig nivå på samla reisegodtgjersle og ev. bustadutgifter i det vidare arbeidet.

2. REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

I utforminga av reglementet legg prosjektleiar til grunn signala frå drøftingane i fellesnemnda sitt arbeidsutval.

Alle kostnader er i 2018-kroner, og at dei konkrete talstorleikane som er presentert vil bli endra når reglementet trer i kraft.

Funksjonar og roller

Reglementet omtalar følgjande roller:

- a) Fylkesordførar
- b) Fylkesvaraordførar
- c) Fylkesutvalsmedlemer
- d) Hovudutvalsleiarar og –medlemer
- e) Kontrollutvalsleiar og –medlemer
- f) Fylkestingsmedlemer
- g) Gruppeleiarar i fylkestinget
- h) Leiarane for:
 - Fagopplæringsnemnda/yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdaninga

Presisering av godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein i dette framlegget rekna for å vere frikjøpt tilsvarande 50 % stilling. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneber at ein også sit i eit hovudutval, jf. prinsippet om gjennomgåande representasjon. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemane får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem eller vederlag for tapt arbeidsforteneste for møte i hovudutvala i tillegg til si faste godtgjersle som fylkesutvalsmedlem.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eitt av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein i framlegget rekna for å vere frikjøpt tilsvarende 50 % stilling. Det inneber at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsforteneste i tillegg til si faste godtgjersle.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia får ei fast godtgjersle tilsvarende 50 % stilling. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt, førebuing og deltaking i møte, konferansar, synfaringar m.m. i eigenskap av rolla som gruppeleiar. Vidare skal gruppeleiarane si godtgjersle differensierast med tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Alle gruppeleiarane vil difor bli rekna som frikjøpt tilsvarende 50 % stilling, men med ulike nivå på godtgjersla.

Når det er lagt opp til at alle gruppeleiarane skal sitje i fylkesutvalet, vil alle gruppeleiarane bli rekna som frikjøpte tilsvarende 100 % stilling. Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for alle verv vedkomande har.

Nivå på faste godtgjersler

Det er lagt opp til at stortingsrepresentantane si godtgjersle per 01.05.18 dannar grunnlaget for berekning av dei faste årlege godtgjerslene i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar vel å halde fylkesordførar si godtgjersle utanfor dette berekningsgrunnlaget, då denne bør fastsetjast særskilt ved konstituering av det framtidige fylkestinget.

Prosjektleiar legg opp til at fylkesvaraordførar si godtgjersle utgjer 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Berekningsgrunnlaget for dei andre satsane er sett til 90 % av stortingsrepresentantar si godtgjersle. Dvs. at andre politikarar som vert rekna som frikjøpt tilsvarende heil stilling (100%) får ei maksimal godtgjersle tilsvarende 90% av stortingsrepresentantar si godtgjersle. Dette er gjort for å tydeleg differensiere mellom fylkesvaraordførar og andre folkevalde med 100% stilling i Vestland fylkeskommune. Grunnlaget vert justert i takt med stortingsrepresentantar si godtgjersle, som vert regulerte 1.mai kvart år.

Ved fastsettjing av godtgjerslene har prosjektleiar lagt seg på minst same kronenivå som det dei to fylkeskommunane har i dag.

Prosjektleiar legg opp til følgjande faste godtgjersler til folkevalde:

	Frikjøp	Godtgjersle
fylkesordførar	100 %	
fylkesvaraordførar	100 %	
Leiar i HU	50 %	50 %
Leiar i KU	50 %	50 %
Fylkesutvalsmedlem	50 %	50 %
Fylkestingsmedlem	4,7 %	4,7 %
Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem	3,5 %	3,5 %
Leiar yrkesopplæringsnemnda	3 %	3 %
Leiar for trafikktryggingsutvalet	3 %	3 %
Leiar for styret for fagskuleutdanninga	3 %	3 %
Leiar for fylkesråd for eldre	3 %	3 %
Leiar for fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne	3 %	3 %
Gruppeleiarar		

inntil 5 medlem i fylkestinget	50 %	30 %
6-9 medlem i fylkestinget	50 %	40 %
10 eller fleire medlem i fylkestinget	50 %	50 %

- Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet dei har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling i eit anna utval.
- Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.
- Med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar kan folkevalde ha fleire ulike funksjonar og dermed ha krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon.
- Folkevalde som er frikjøpte tilsvarande minst 50 % får ikkje betalt vederlag for tapt inntekt når ein møter i eigenskap av rolla si.
- Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møter eller oppdrag på vegne av fylkeskommunen. Utover dette skal fylkeskommunen etter behov syte for høveleg husvære og dekke dei faste utgiftene med leige, straum m.m., samt reiseutgifter til og frå heimstad ein gong per veke og i samband med høgtider for fylkesordførar, fylkesvaraordførar og hovudutvalsleiarane.

3. PROSJEKITLEIAR SI VURDERING

Prosjektleiar rår i denne saka fellesnemnda sitt arbeidsutval og i neste runde fellesnemnda til å drøfte eit nytt og konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet er utarbeidd med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42 og 43, og byggjer på dei politiske drøftingane som så langt er gjort knytt til godtgjersle og arbeidsvilkår for politisk nivå i fellesnemnda 21.09.18 samt i fellesnemnda sitt arbeidsutval den 18.10.18 og 29.10.18.

Med bakgrunn i nemnde politiske drøftingar rår prosjektleiar fellesnemnda til å fastsetje reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.

Prosjektleiar ønskjer samstundes å gjere merksam på det samla kostnadsbiletet det no vert lagt opp til.

Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 at «samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune hovudsakleg skal ligge innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag.»

Det er då lagt opp til å i hovudsak vidareføre godtgjerslenivået, som i dag dekker godtgjerslene og reiseaktiviteten til folkevalde i to fylkeskommunar, i Nye Vestland fylkeskommune.

Utkastet som prosjektleiar la fram for arbeidsutvalet den 18.10.18 var i hovudsak innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i dag. Det vart då gjort merksam på at det som då skal dekke kostnadene til reise, hybel m.m. truleg er for lite. Det er vanskeleg å gjere eit presist estimat på desse kostnadane no, då dei vil vere avhengige av kvar dei folkevalde kjem frå/bur m.m. Prosjektleiar har difor lagt til grunn at Vestland fylkeskommune vil trenge minimum det dei to fylkeskommunane har til reise, hybel m.m. i dag.

Framlegget som no ligg føre går ut over den samla ramma som dei to fylkeskommunane nyttar i dag med om lag 1,5 mill. kr.

Prosjektleiar rår vidare til at fellesnemnda vurderer det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Prosjektleiar sine innspel til ev. justeringar

Arbeidet med utforming av reglement har vore ein politisk styrt prosess.

Når prosjektleiar no har utarbeidd eit nytt framlegg til godtgjersle og reglement, er dette gjort med bakgrunn i fellesnemnda sitt arbeidsutval sine drøftingar og føringar. Prosjektleiar ønskjer i forlenginga av dette å gjere fellesnemnda merksam på nokre effektar av framlegget:

Opplegget som no er skissert gir relativt mange folkevalde ei godtgjersle tilsvarande store stillingsprosentar, men då innanfor intervallet 50 %-100 %. Til dømes har arbeidsutvalet gjeve signal om at hovudutvalsleiane ikkje skal sitje i fylkesutvalet. Arbeidsutvalet har heller framheva at gruppeleiarane bør sitje i fylkesutvalet.

Som ein konsekvens av dette vert det ikkje mogleg å kombinere rolla som hovudutvalsleiar med andre roller enn rolla som fylkestingsmedlem. Hovudutvalsleiar vil då i sum ha ei godtgjersle tilsvarande ein stillingsprosent på 54,7 %. Det same vil gjelde fylkesutvalsmedlemene som ikkje er gruppeleiarar.

Vidare er det no lagt opp til at mange vert rekna som frikjøpt tilsvarande 100 % stilling, då alle gruppeleiarane skal ha godtgjersle som i sum svarar til 100 % stilling. Prosjektleiar vil gjere merksam på at når alle gruppeleiarane skal tilgodesjåast med å ha sete i fylkesutvalet, vil også gruppeleiarane med få medlemer i fylkestinget (1-5 medlemer) få ei godtgjersle tilsvarande full stilling.

Oppsummert ønskjer prosjektleiar særskilt å synleggjere to roller:

- Rolla som hovudutvalsleiar vert godtgjort tilsvarande 50 % stilling + fylkestingsgodtgjersla tilsvarande 4,7 % stilling (i sum tilsvarande 54,7 % stilling).
- Gruppeleiar, inkl. gruppeleiarane for dei minste partia, vert godtgjort tilsvarande 50 % stilling + fylkesutvalsgodtgjersla tilsvarande 50 % stilling (i sum tilsvarande heil stilling).

Som følgje av dette tillèt prosjektleiar seg å legge fram ei alternativ skisse, jf. tabellen i vedlegg 2.

Prosjektleiar legg her følgjande justeringar til grunn:

- a) Hovudutvalsleiarane får godtgjersle tilsvarande 80 % stilling.
- b) Tal medlemer i fylkesutvalet vert sett til 17 (må endeleg fastsetjast i delegeringsreglementet).
- c) Ei ytterlegare differensiering av godtgjersla til gruppeleiarane (fire inndelingar/nivå).
- d) Gruppeleiarane får ikkje automatisk sete i fylkesutvalet. Fylkestinget vel medlemene til fylkesutvalet etter den relative storleiken partiet har i fylkestinget, jf. dagens praksis.

Dersom fellesnemnda sitt arbeidsutval meiner det på grunnlag av prosjektleiar sine utdjupingar og synleggjering av effektar her ønskjer å gjere endringar i det framlagde reglementet, må fellesnemnda sitt arbeidsutval gje prosjektleiar fullmakt til å legge fram eit revidert/justert reglement til fellesnemnda sitt møte den 19.12.18.